

Gudbrandsdalsseminaret 2024

# Okkupasjonsår og etterspel

Tysdag 19. mars 2024, Maihaugsalen, Lillehammer

**Det er krig i Europa og i nærområda våre. Dei brutale hendingane i Ukraina og på Gaza går inn på oss alle, og set oss i berøring med egne erfaringar og forteljingar om krig og okkupasjon.**

**Gudbrandsdalsseminaret 2024 tematiserer krig. Vi ser nærmare på andre verdskrigen i Lillehammer og Gudbrandsdalen, og på korleis krigen og okkupasjonsåra er omtala, skrivne om og formidla i åra etter.**

## Program

### Del 1 Krigen i Gudbrandsdalen

**09.30 –10.00** Registrering, kaffe og biteti

**10.00 – 10.10** Opning ved Sæbjørn Forberg, leiar i Gudbrandsdal Historielag Dølaringen

**10.10 – 10.45** Historieskriving og minnekultur om 2. verdskrigen

**Guri Hjeltnes** – historikar, journalist og mangeårig direktør ved Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret).

Krig og krigshistorie er også ein kamp om definisjonsmakt. Korleis blir ulike hendingar, prioriteringar og val gjevne meining og forståing?

**10.45 – 11.20** Krig i Noreg og krig i Gudbrandsdalen

**Ingar Sletten Kolloen** – forfattar.

Kva skjedde under dei dramatiske okkupasjonsdagane i april 1940? Eit nasjonalt blikk på krigs- og okkupasjonstida i Gudbrandsdalen 1940–45. Perspektiv på etterkrigstida og eit ynskje om forsoning.

**11.20 – 11.55** Lange linjer – tilpassing og gråsoner

**Tore Pryser**, professor emeritus i historie ved Høgskolen i Innlandet.

Krigen og dei lange linjene. Kva skjedde eigentleg i Gudbrandsdalen i åra 1940 til 1945? Lokale eksempel på NS sitt fotfeste i Gudbrandsdalen og korleis krigen òg skapte vekst og god økonomi.

**12.00 – 13.00 Lunsj i Maihaugrestauranten**

## **Del 2 Krigen og litteraturen**

**13.00 – 13.30 Omvising i utstillinga «Det snakker vi ikke om»**

Tre av nobelprisvinnarane i litteratur, Bjørnstjerne Bjørnson, Sigrid Undset og Knut Hamsun, er på ulike måtar tett knytte til Gudbrandsdalen og Lillehammer. Dei sjølv og familiehistoriene deira er også på svært ulike vis knytte opp mot 2. verdskrigen. Nazismen førte til splitta familiar, flukt, tap av menneskeliv, motstandskamp og sprikande tilslutning til norske og tyske nazistiske idéar og organisasjonar.

Korleis har Bjørnson, Undset og Hamsuns sine ulike familiehistorier vorte forstått, og korleis kan vi forstå dei i dag? Kan desse tre familiehistoriene vere eit prisme som opnar opp for tolking av ukjend og problematisk lokalhistorie?

**Tre korte innleiingsforedrag**

**13.30 – 13.40 Bjørnstjerne Bjørnson – Kristin Brandtsegg Johansen**, konservator for diktarheimane Aulestad og Bjerkebæk

**13.40 – 13.50 Sigrid Undset – Kristin Brandtsegg Johansen**, konservator for diktarheimane Aulestad og Bjerkebæk

**13.50 – 14.00 Knut Hamsun – Ingar Sletten Kolloen**, forfattar og biograf

**14.00 – 14.20 Samtale mellom innleiarane**

**Knut Aastad Bråten**, avdelingsleiar for Gudbrandsdalsmusea på Lesja leier samtalen.

**14.20 – 14.40 Pause med kaffe og kake**

## **Del 3 Krigen og holocaust**

Under 2. verdskrigen vart 766 norske jødar og 62 norske romar drepne som følgje av rasepolitikken til nazistane. Sju av desse ofra kom frå Lillehammer og Gudbrandsdalen.

**14.20 – 14.40 Historia om deportasjonen av sju jødar i Lillehammer**

**Magnhild Bergljot Apeland og Nina Hildre**, Innlandet fylkeskommune, kulturminneavdelinga.

I mai 2021 vart det lagt ned sju snublesteinar i Lillehammer til minne om dei jødiske offera for nazistane. Fylkeskommunen har arbeidd med dokumentasjon og kunnskapsinnhenting. Kven var dei, kva skjedde med dei og kva vart konsekvensane? Eit blick inn i historia både til dei som vart deporterte og til samfunnet omkring.

**14.40 – 15.00 Historia til Klara og Samuel Karpol frå Harpefoss**

**Bjørn Sletten** – Kultursjef i Sør-Fron, tidlegare redaktør av Dølen.

Familien Karpol vart tekne til fange og sendt frå Harpefoss til utryddingsleiren Auschwitz. Kva haldningar hadde gudbrandsdølane overfor jødar og andre minoritetar den gongen? Kva visste dei om utryddingspolitikken til nazistane? Og har hendingane mot Karpol-familien og andre under krigen påverka haldning og handling overfor både jødar og andre minoritetar i dag?

**15.00 – 15.30** «*Det er ikke straff nok for det dere har gjort.*» Om læraraksjonen og kva den hadde å seie i norsk historie.

**Inge Eidsvåg**, tidlegare rektor ved Nansenskolen, og forfattar.

Den norske læraraksjonen under krigen var truleg den viktigaste av alle sivile ulydnadsaksjonar, og den var ikkje berre viktig for den sivile motstanden. Den var også formande for yrkesetikken i den norske lærarstanden, og slik sett også viktig for norsk skule i etterkrigstida.

**15.30 – 16.00** Oppsummering av dagen